

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.02.2009
Sakshandsamar: **Björg Sandal**
Saka gjeld: **Nye stillingar - grunngeving**

Styremøte 04.03. 2009

Styresak 025/09 B Vedlegg

Helse Vest legg opp til ei tettare oppfølging av helseføretaka samstundes som vi i sterkare grad utviklar felles system og metodar innan alle fagområde.

Av dei fire regionale føretaka har Helse Vest den minste administrasjonen. Det er framleis ei målsetjing å vere så tynt bemanna som mogleg, samstundes som det er rett å seie at mange medarbeidarar i mange år har hatt eit stort arbeidspress. Sidan oppstarten har vi blitt tillagt fleire nye og krevjande oppgåver. I tillegg er det verd å merkje seg at Helse Vest i større grad blir bedne om å delta i / leie nasjonale og interregionale prosjekt.

Dersom vi skal greie å ta ut ein større effekt av føretaksorganiseringa og dermed utnytte fellesløysingar betre, treng vi derfor å styrkje det regionale føretaket. På denne bakgrunn har administrasjonen hatt ein grundig gjennomgang av dagens bemanning i forhold til dei oppgåvene vi løyser. Administrerande direktør ber difor om følgjande nye årsverk for å løyse dei føreståande oppgåvene.

Innkjøpsrådgivar / koordinator:

Dei siste åra har talet på regionale innkjøpsavtalar auka betydeleg, noko som har ført til samla årlege innsparingar på nærare 250 millionar kroner. Det er framleis stort potensial for meir kostnadseffektiv drift av innkjøpsområdet. Samstunds er dette området strengt regulert av lovar og forskrifter. Den siste tida er det blitt tydelegare fokus på miljøperspektivet også innan innkjøpsområdet. Det same gjeld etisk handel, der ein mellom anna ønskjer å unngå at underleverandørane nyttar barn i produksjonen.

Ein ny medarbeidar vil få følgjande hovudoppgåver:

- regionalt innkjøpsarbeid
- forvaltning av regionale innkjøpsavtalar
- utarbeide rammeverk både for miljøriktige innkjøp og for etisk handel
- delta i nasjonale innkjøpsprosjekt

Versemdsarkitekt – strategisk nivå

Gjennom auka bruk av fellesløysingar, regionalt og nasjonalt, ligg det godt til rette for å hente ut ytterlegare gevinstar innan IKT-området.

Nokre system vil vere nasjonale medan det parallelt også vil finnast både regionale og lokale løysingar som skal setjast inn i ein samanheng / samordnast. Ein verksemdsarkitekt har ansvar for at systema heng saman – ut frå behova i kjerneverksemda og god pasientflyt. Samstundes må han vidareutvikle system og integrasjonsløysingar som understøttar overordna mål og strategiar i regionen.

Følgjande hovudområde vil bli prioriterte:

- medisinsk-fagleg systemportefølje (EPJ og tilhøyrande kliniske system, lab- og røntgensystem, andre medisinsk-faglege støttesystem)
- økonomisystema
- løn- og personalsystema

Analysefunksjon

I dag er det mange miljø i regionen som driv med ulike former for analysearbeid. Det er eit klart behov for å samordne desse ressursane gjennom å utnytte den samla kompetansen betre. Slik vil ein oppnå synergieffektar mellom anna ved å utvikle til dømes felles metodikk, samanliknande analysar og styringsinformasjon. I dag manglar Helse Vest ein samlande funksjon som ser analyseområdet under eitt, både når det gjeld det einskilde fagområdet og når det gjeld å sjå heile konsernet under eitt. Gjennom eit nytt årsverk styrkjer Helse Vest kapasiteten til å skaffe fram analysar og styringsinformasjon, noko som er viktig for å sikre at ein har det rette grunnlaget for å utvikle og styre verksemda.

Kvalitetsarbeid

Administrerende direktør viser til sak 124/08 B "Vidareføring og styrking av kvalitetssatsinga i Helse Vest 2009 – 2013".

Internrevisor

Administrerende direktør viser til sak 024/09 B: "Budsjett 2009 for internrevisjon – oppretting av ny stilling".